



Bjarte Langeland  
Sagstadvegen 96  
5919

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2825 - 19/220

Saksbehandlar:  
Inga Lill Holen  
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:  
14.01.2019

## GBNR 24-9 - Krav om tilbakebetaling av kommunale avgifter for vatn og avlaup

Meland kommune er gjort kjend med at dykkar eigedom, gbnr. 24/9, er tilkopla det kommunale vass- og avløpsanlegget. Ein kan ikkje sjå at det har vore betalt kommunale vass- og avløpsgebyr eller tilkoplingsavgift til kommunen. På denne bakgrunn vil Meland kommune sende ein faktura med krav om tilbakebetaling. Du vil samtidig frå dags dato bli registrert med faste avgifter for avløp og vatn.

Når ein eigedom er knytt til kommunal vass- eller avløpsleidning pliktar eigar av eigedomen å betale kommunale avgifter til kommunen. Plikta til å betale avgift for vatn og avløp følgjer av lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 fyrste punktum: «Når ein fast eigedom har tilknytning til kommunal vass- eller avløpsleidning, anten beinveges eller gjennom privat samleidning, har eigaren skyldnad til å svare vass- og avløpsgebyr til kommunen».

Grunnboka visar at de er heimelshavar til eigedomen. De er difor ansvarleg for å betale kommunale avgifter for vatn og avløp til kommunen i framtida, samt betale skuldig beløp for kommunale avgifter som skulle ha vore betalt.

Gebyrplikta for dykkar eigedom gjeld i utgangspunktet frå det tidspunkt eigedomen vart knytt til det kommunale VA-anlegget. I medhald av lov av 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldelsesloven) § 2 er den alminnelege foreldingsfristen 3 år. Meland kommune vil difor sende faktura med krav om tilbakebetaling av kommunale avgifter frå og med 01.01.2016 til 31.12.2018 samt tilkoplingsavgift. Faktura om tilbakebetaling av kommunale avgifter vil bli ettersendt.

Gebyra som leggast til grunn i denne saken er i medhald av gebyrregulativet som er vedtatt av kommunestyret. Ein legg til grunn dei prisane som var gjeldande for det året gebyra skulle ha vore betalt. Kva gjeld tilknytningsavgifta, legg kommunen til grunn prisen som var gjeldande i 2016.

Meland kommune understrek at me er kjend med at de har betalt slamavgift. Av den årsak gjevast det fråtrekk for slamavgift innbetalt i perioden kravet strekkjer seg til og fram til dags dato.

Dersom de har spørsmål eller kommentarer til kravet kan de ta kontakt med Inga Lill Holen på telefon 56 17 14 49 eller pr. e-post til [inga.lill.holen@meland.kommune.no](mailto:inga.lill.holen@meland.kommune.no).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Bjarte Langeland

Sagstadvegen 96      5919